

## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021

Kjell G. Håland, A, stilte spørsmål om han var inhabil då han er fast medlem i styret i KODE. KODE hadde søkt om tilskot. Håland gjekk frå under vurderinga av om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Geir Kjell Andersland, V, stilte spørsmål om han var inhabil då han er medlem i styret i Bergen Nasjonale Opera. Griegkvartalet har søkt om midlar, kor mellom anna Bergen Nasjonale Opera står bak. Andersland gjekk frå under vurderinga av om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Andersland var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Øyvind Strømmen, MDG, stilte spørsmål om han var inhabil, då stiftinga Hardanger og Voss museum hadde søkt om tilskot. Kona hans arbeider for stiftinga Hardanger og Voss museum, men har inga leiande stilling i stiftinga. Strømmen gjekk frå under vurderinga av om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Strømmen var habil etter forvaltningslova § 6 2. ledd.

Strømmen tiltredde møtet.

Det var 13 medlemmer tilstades.

**Stian Davies, A**, sette på vegner av A, SP og SV fram slikt tilleggsforslag:

«Nytt punkt 2:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering merkar at prosjektet «Holvikejekta verne- og formidlingsbygg» frå Musea i Sogn og Fjordane ikkje er blant søkjarane, og kan såleis ikkje bli tildelt midlar i denne saka. Hovudutvalet vil stadfeste at utvalet elles held fast ved prioriteringslista vedteken i PS 116/2021, og vil i framtida prioritere midlar til «Holvikejekta verne- og formidlingsbygg» i tilskotsordninga «Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar».

### Avrøysting

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Punkt 1:

Vestland fylkeskommune løyver 15 mill. kr i tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, fordelt slik:

Søklar	Kommune	Prosjektnamn	Ordn	Søknadssum	Tilråding
Moster Amfi -og kyrkjehistoriske senter	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	S	750 000	750 000
Museumssenteret i Hordaland	Bergen	Tekstilindustrimuseet	S	860 000	860 000
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Bergen	Bryggens Museum	S (O)	4 367 867	1 990 000
Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum	Ullensvang	Lindehuset	O	10 700 000	2 100 000
Stiftinga Hardanger og Voss museum	Kvam	Kulturnaustet	O	9 300 000	9 300 000

Fjaler kommune	Fjaler	Samvirket	O	5 000 000	Avslag
Grieghallen Utbygging AS	Bergen	Griegkvartalet	O	1 000 000	Avslag
M12 Gruppen AS	Øygarden	Kulturterminalen	O	1 600 000	Avslag
Moster Amfi -og kyrkjenhistoriske senter	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjenhistoriske senter	O	10 000 000	Avslag
Sunnhordland museum	Stord	"Nye Sunnhordlandstunet"	O	14 585 659	Avslag
Stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus	Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus	O	600 000	Avslag
Austevoll kommune	Austevoll	Kultursal Selbjørn Skule	O	1 141 000	Avslag
Stiftinga Hardanger og Voss museum	Kvam	Ingebrigt Vik Museum	O	200 000	Avslag
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Bergen	Gamle Bergen - Nytt publikumsbygg	O	10 000 000	Avslag
KODE Kunstmuseer og komponisthjem	Bergen	KODE Edvard Grieg Museum Troidhaugen	S	223 000	Avslag
Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	Friluftslivets hus	S	1 000 000	Avslag
Kode Kunstmuseer og komponisthjem	Bjørnafjorden	Ole Bulls villa på Lysøen	S	5 000 000	Avslag
Museumssenteret i Hordaland og Stiftinga Lyngheiseret	Alver	Naturrom Lygra - Lyngheiseret	O	2 000 000	Avslag
Sogndal Kommune	Sogndal	Sogndal Kulturhus	O	1 000 000	Avslag
Stiftelsen kulturhuset USF	Bergen	USF Verftet	S	746 524	Avslag
Kulturfergen AS	Bergen	MS Sjøscenen	O	297 117	Avslag
				<b>80 371 167</b>	<b>15 000 000</b>

Punkt 2:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering merkar at prosjektet «Holvikejekta verne- og formidlingsbygg» frå Musea i Sogn og Fjordane ikkje er blant søkjarane, og kan såleis ikkje bli tildelt midlar i denne saka. Hovudutvalet vil stadfeste at utvalet elles held fast ved prioriteringslista vedteken i PS 116/2021, og vil i framtida prioritere midlar til «Holvikejekta verne- og formidlingsbygg» i tilskotsordninga «Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar».